



Trusopplæring er viktig fordi dåp og opplæring høyrer saman. Det er foreldre og fadrar, saman med kyrkja, som har dette ansvaret. Stortinget har vedteke ei trusopplæringsreform (St.meld. 7, 2002/2003) for alle døypte og tilhøyrande born i Den norske Kyrkja.

Dette inneber ein T-dag kvart år med ulike tema tilpassa alder.

Det er viktig å vera trygg i eiga tru og eigne tradisjonar, slik kan me møta andre med respekt. Dette ynskjer me å formidla på T-dagane våre. **Vel møtt!**

 Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80
e-post: t-dagane@voss.kyrkja.no,
www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"
Frivillig gåve til trusopplæringa til
kontonr. 3480 16 45293 (merk: trusopplæring)



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

Velkomen til
T₄-dag

Barnebibel til 4-åringane



T₄



STØRST AV ALT

BORN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA
VOSS

Kjære 4- åringseim

De har no eit barn, fødd 2. halvår 2014 og truleg døypt ei tid etter det.

Saman med 4- åringen er de invitert til **T₄**-dag.

Denne sundagen, kl. 17:00 (merk tida) er de velkomne til Vangskyrkja. Her skal me ha ei kort gudsteneste der utdeling av Barnebibelen til fireåringane vert det viktigaste.

Me skal også få sjå og høyra barnekoret Mini/MidiSing. Dei øver i Vangskyrkja kvar torsdag 17:30-18:30. Du er spesielt invitert til å vera med på øvingane framover. Då kan du få verta betre kjend med barnekoret, kanskje du får lyst til å fortsetta.

Heile familien er velkomen. Tilbodet om bok gjeld alle born i den aktuelle alderen.

Gje beskjed: -om barnet treng spesiell tilrettelegging eller om det er betre med lydbok.
-om de kjenner nokon som vil vera med som ikkje har fått invitasjon.
-om de ikkje ynskjer at bilete av barnet kan brukast til presseomtale, internett e.l.

Bøn:

**Kjære Gud, ta handa mi,
slepp den aldri ut or di.
Lei meg på din veg i dag,
gjer meg trygg og sterk og glad.
Amen**

PÅMELDING innan torsdag 20. september
sms til 995 18 194 (Camilla Margareta Velsvik)